

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 09.03.2016
SAKSHANDSAMAR: Johnny Heggstad
SAKA GJELD: **Helse2030 Prosess og involvering**

ARKIVSAK: 2015/1871
STYRESAK: **050/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret for Helse Vest RHF tek saka om gjennomføringa av Helse2030 med prosess og involvering til orientering.

Oppsummering


Styret handsama i sitt møte 10.februar - under adm.dir. si orientering – prosjektdirektivet for Helse2030.

I denne saka vil vi fokusere på prosess og involvering i prosjektgjennomføringa, og kommentere dette ut frå dei fasane som er definert i prosjektet.

Det er planlagt å legge fram ny strategi for styringsgruppa pr. 5.desember 2016, og slik at denne kan handsamast i styret rett etter jul.

Fakta

Figuren nedanfor er ein oppdatert versjon av fasane i prosjektet.



I fase 0 og 1 har vi arbeidd i parallell med utviklinga av Nasjonal helse- og sjukehusplan, og vi brukar om att mykje av resultata og leveransane derifrå. I desse fasane har fleire forankrings- og kommunikasjons-aktivitetar vore gjennomført. Ei rekke interessantar har blitt intervjua og prosjektet har orientert om sitt arbeid på fleire arenaer.

Vi er no i overgangen frå fase 1 til fase 2, der vi rettar fokuset inn mot oss sjølve igjen, frå nasjonalt til Helse Vest, og vi ser no særleg på to forhold:

- definere tema som vi vil fokusere særskilt på
- etablere ein kommunikasjonsplan (involveringsplan) ut frå dei ulike interessentane

Kommentarar

Fase 2

Etter at forslaget til Nasjonal helse- og sjukehusplan er lagt fram, har vi arbeidd med å identifisere eigne tema som treng nærare utgreiing hos oss, og som skal sikre evna vår til å løfte oss i eit 2030-perspektiv. Tema dekkjer ikkje alt Helse Vest gjer men er område ein meiner blir særleg viktige i strategiperioden fram mot 2030, og som har eit særskilt potensial for auka verdiskaping. Forslag til tema og gruppering av desse blir lagt fram for styringsgruppa 6.april. Då vil vi også diskutere deltaking og vi ser føre oss bidrag både frå eigen og ekstern kompetanse.

I skrivande stund ser tilrådingane om tema slik ut: (11 hovudtema gruppert i 5 grupper)

- Møte med pasienten
 - Kvalitet og pasientsikkerheit
 - Forventningskommunikasjon og prioritering
- Kompleksitet i pasientbehandlninga
 - Multi-sjuka pasientar
 - Standardiserte pasientforløp
 - Behandling ved livets avslutning
- Eit samhandlande helsevesen
 - Eit heilheitleg helsevesen
 - Strategisk samspel med det private markedet
- Teknologi og nye måtar å levere helsetenester på
 - Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus
 - Auka verdiskaping
- Organisasjon og menneske
 - Medarbeidarskap
 - Leiarskap

Vi legg også ved ei reserveliste over tema som kan vurderast å inngå i tema:

- Våre verdiar i praksis
- Multidisiplinære helsetenester
- Helse Vest som team og nettverk
- Helse og styringsdata
- Framtidas kliniske støttefunksjonar
- Framtidas merkantile støttefunksjonar
- Organisatoriske ferdigheiter

Vi har drøfta overordna tema som pasientens helseteneste, bærekraft og verdiar. Vi finn at dette er meir å sjå på som premisser for alle temagruppene, og som vi difor ønskjer å legge til grunn for alle utgreiingane.

Det vil bli bedt om korte, presise innspel frå gruppene, og vi planlegg gjennomføring av dette frå medio april til slutten av mai.

I denne perioden planlegg vi også drøftingar med leiargruppene i kvart av føretaka. Dette ser vi på som viktig både for å:

- Forankre problemstillingane og utgreiingsarbeidet
- Inkludere og ansvarleggjere leiargruppene for prosess og involvering i eige føretak

Fase 3

I fase 3, analyse, vil vi gå gjennom alle innspela frå gruppene, samanfatte dette og vurdere totaliteten. Vi er i posisjon til å starte dei første drøftingane om strategiske satsingar og retning. Analysefasen vil strekke seg frå juni til august.

Fase 4

Når analysefasen er gjennomført vil ein starte ei omfattande involvering av alle interessentane. No skal utfordringane og moglegheitsbildet drøftast i brei skala.

Hovudarenaen her vil vere det som vi tidlegare har kalla storsamlingar i kvart HF-område (dagsmøter i Førde, Bergen, Haugesund og Stavanger). Her vil vi samle nøkkelpersonar hos oss sjølve saman med dei eksterne interessentane som kommune, fylkeskommune og universitets- og høgskulesektoren, private aktørar og brukarar.

Denne fasen inneheld den mest krevjande logistikken, og ut frå erfaring treng vi fleire veker for praktisk å kunne gjennomføre storsamlingane. Vi planlegg gjennomføring av desse frå slutten av september til medio oktober. Forslag til datoar vil bli lagt fram om kort tid.

Fase 5

Når vi har teke inn over oss innspela frå storsamlingane og interessentane er vi i posisjon til å skrive ut ein første versjon av strategien. Her ønskjer vi å gjennomføre ein ny runde med leiargruppene i føretaksgruppa, igjen for å sikre forankring og involvering også i denne fasen.

Utkastet til kommunikasjonsplan detaljerer korleis handtering av alle interessentgruppene er tenkt å skje. Planen blir lagt fram for styringsgruppa til godkjenning 6.april. Utkastet, slik det ligg føre, er lagt ved som vedlegg 1 til denne saka.

Vi har lenge tenkt at vi skal gjennomføre heile prosessen innan 2016. Vi ser no, med det opplegget som er planlagt, at vi tidlegast vil vere i stand til å levere forslag til strategi i siste halvdel av november. Denne kan då handsamast i styringsgruppa, direktørmøtet i Helse Vest, 5.desember. Det betyr vidare at vi ikkje når styrehandsaming før jul, og må legge dette til tidleg på nyåret. Det vil seie at styret først kan sende forslaget til strategi ut på høyring i januar.

Konklusjon

Etter gjennomført prosjekt og prosess er det planlagt å legge fram forslag om ny strategi til styringsgruppa pr 5.desember 2016, og slik at denne kan handsamast i styret rett etter jul.